

**STRANDA KOMMUNE**  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

---

**18.11.2011**

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 24.11.2011 kl. 12.30 på  
Storfjord Kulturhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 16/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 14. juli 2011
- ” 17/11 - Ei orientering om kontrollutval og revisjon (Ei munnleg orientering)
- ” 18/11 - Status og vidare prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt
- ” 19/11 - Tertiarrapport 2. tertial 2011 Stranda kommune
- ” 20/11 - Svar vedkomande den økonomiske situasjonen ved Strandafjellet KF  
(Saksdokument blir å ettersende)
- ” 21/11 - Budsjett Stranda kontrollutval

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
STRANDA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato 14.07. 2011 kl. 16.05

Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Kari Johansen, Arne Olav Stavseng og Hildegunn Brune  
= **4 voterande**

Per Berge hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei

Frå Stranda Kommune møtte ordførar Frank Sve og assisterande rådmann Kjartan Lied.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Ordførar orienterte om brot på teieplikta ved at graderte formannskapsdokument hadde blitt utlevert til avis Sunnmøringen. Han la fram ønske om at kontrollutvalet skulle notere saka og behandle den på eit seinare møte.

**SAK 14/11**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17. JUNI 2011**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 17. juni 2011 blir godkjent.

Kontrollutvalet gjorde etterpå samrøystes vedtak om å lukke møtet.

**SAK 15/11**

**DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN VED STRANDAFJELLET KF PER 30.06.2011**

## **Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.07.2011**

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet viser til det store avviket det er mellom Strandafjellet KF og kommunerevisjonens prognosar for rekneskapsresultatet for 2011.
2. Utvalet har merka seg at kommunerevisjonen reiser spørsmål om rekneskapsrapporten frå føretaket for 1. tertial 2011 er forsvarleg utgriidd i tråd med dei krava som er sett i kommunelova.
3. Utvalet vil generelt påpeike at manglar ved økonomisk rapportering kan medføre at viktig informasjon blir halde tilbake for kommunestyret.
4. Avvika i prognosane gir grunn til å vurdere om budsjettet for 2011 for Strandafjellet KF er realistisk. Kontrollutvalet viser her til kommunelova § 46 nr. 3 om realismekravet i budsjettet og § 47 som gjeld kravet om rapportering av den faktiske utviklinga av inntekter og utgifter.
5. Kontrollutvalet ber om at styret i foretaket innan 15. september 2011 oversender kontrollutvalet ei skriftleg utgriing om styret sin strategi for å få føretaket sin økonomi i balanse.
6. Kontrollutvalet viser elles til dei prosessane som er sett i gang for å betre likviditet og driftsbalanse i drivarselskapet.
7. Kontrollutvalet sitt vedtak med tilhøyrande dokument som saksutgreiing og notatet frå kommunerevisjonen skal oversendast kommunestyret, formannskapet og styret i føretaket.

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

Arne Ola Stavseng  
medlem  
(sign.)

Kari Johansen  
medlem  
(sign.)

Hildegunn Brune  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.11.2011

**SAK 18/11  
STATUS OG VIDARE PRIORITERING AV  
FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**

Vedtekne ikkje utførte forvaltningsrevisjonsprosjekt er følgjande:

- Sentrumsområdet, jf kommunestyresak 028/09. Denne bestillinga kom direkte frå kommunestyret og er ei ekstrabestilling i forhold til opprinnelig plan for forvaltningsrevisjon.
- Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av Stranda hamnevesen KF og Strandaffellet KF

For foretaka vil revisjonen rette seg opp i mot Lov om offentlige anskaffelser og anna regelverk, herunder § 7 i forskrift om revisjon.

Denne forskriftsparagrafen lyder slik:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltingen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,
- b) forvaltingens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,
- c) regelverket etterleves,
- d) forvaltingens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god communal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standarder på området, og det skal etableres revisjonskriterier for det enkelte prosjekt.

Plan for forvaltningsrevisjon i Stranda kommune vart vedteke i kontrollutvalsak 27/08 jf også seinare behandling med vedtak i kommunestyret. Vedtak vart som følgjer:

- 1. I plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode vil kommunestyret prioritere kritiske prosjektrevisjonar innan rekneskap, økonomi og saksbehandling.*
- 2. Kommunestyret delegerer til kontrollutvalet å velje spesifiserte prosjekt.*

Som det går fram av vedtaket har kontrollutvalet fått vide fullmakter både i val av tema og talet på revisjonsrapportar. Talet på rapportar må naturleg nok avgrensast m.a. mot ei økonomisk ramme til dette formålet i budsjettet for Stranda kommune. Når ekstra prosjekt blir bestilt, må det følgje med pengar.

I kontrollutvalsak 25/09 med tittelen "tema for forvaltningsrevisjon 2010" kom følgjande fram:

*Drøftingane i møtet peika i retning av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som går på ei analyse av kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon. Også kommunen si praktisering av Lov om offentlige anskaffelser vart sett på som viktig. Dersom utvalet finn det føremålstenleg, kan det gjerast ei deling mellom forvaltningsrevisjonsprosjekt og undersøkingar. Då vil det lettare bli fristilt ressursar også til ei oppfølging av sjølvkostprinsippet innan VAR-sektoren.*

I sak 02/10, var tema for forvaltningsrevisjon 2010 oppe til ny behandling. Kontrollutvalet fatta då slikt samrøystes vedtak:

- 1. Som forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2010, vil kontrollutvalet prioritere:*
  - A. Analyse av kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon*
  - B. Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av Stranda hamnevesen KF og Strandafjellet KF*
- 2. Før endelig rapport for prosjekt A, skal det utarbeidast ein førebels analyse sluttført april/mai 2010. Utvalet tek så stilling til om det skal gjennomførast ein fullskala forvaltningsrevisjon. Den førebelse analysen blir oversendt kommunestyret til møtet i mai 2010.*
- 3. Forvaltningsrevisjon av dei to kommunale føretaka bør starte opp så snart foranalysen til prosjekt A er ferdig. Sekretariatet utarbeider framlegg til mandat (omfang) for dette prosjektet til kontrollutvalet sitt møte i mai 2010.*
- 4. Aktuelle prosjekt i 2011 er praktisering av "Lov om offentlige anskaffelser" og oppfølgingsrapportar (resultatvurderingar) av tidlegare gjennomførte selskapskontroller og forvaltningsrevisjonar.*

I sak 09/10 var tema forvaltningsrevisjon av dei kommunale føretaka tema og kontrollutvalet fatta slikt samrøystes vedtak:

*Det blir gjort ein forvaltningsrevisjon i Stranda Hamnevesen KF og Strandafjellet KF opp i mot Lov om offentlige anskaffelser og anna regelverk, herunder § 7 i forskrift om revisjon.*

Status for leverte rapportar i valperioden 2007 til 2011 er tre forvaltningsrevisjonsrapportar.

Desse gjeld VAR-området, ein rapport innehaldande ei førebels analyse av lånegjelda og ein fullstendig rapport om same tema.

Det har i perioden også blitt levert ein rapport om selskapskontroll og ei undersøking av økonomien til Strandafjellet KF for 2011. Det forholdet at undersøkingar til ein viss grad kan erstatte forvaltningsrevisjonar har til tider vore eit diskusjonstema.

Det som står igjen av forvaltningsrevisjonsprosjekt ut i frå vedteken plan er dermed forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av Stranda hamnevesen KF og Strandafjellet KF. I tillegg kjem ekstrabestillinga frå Stranda kommunestyre vedkomande sentrumsområdet.

I inneverande valperiode skal det leggast fram ein plan for forvaltningsrevisjon. Det kan vere naturleg å få drøfta om gjenståande forvaltningsrevisjonsprosjekt framleis er relevante og om desse skal gjennomførast før det blir laga ein plan med nye tema.

### ***Kva inneber ein forvaltningsrevisjon***

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar, herunder om:

- a) Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- b) Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- c) Regelverket blir etterlevd
- d) Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- f) Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere ein reiskap for det øvste politiske organet i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultata som blir oppnådd.

Avleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi. Ein slik forvaltningsrevisjon er i stor grad ei evalueringa av kommunen si administrative leiing med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderingar, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

I samanheng med dei siste endringane i kommunelova knytt til internt tilsyn og kontroll, §§ 74-81, vart det laga nye forskrifter til § 77 (kontrollutval) og § 78 (revisjon).

I forskrift om kontrollutval § 10 første ledd vart kontrollutvalet pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Andre setning første ledd krev at kommunestyret sjølv vedtek denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Andre ledd krev at kommunen identifiserar behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemndene med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats. Analysen er sett på som internt arbeidspapir som kan haldast unna offentlegheit.

I kraft av å ha det overordna tilsynsansvar i kommunen, kan kommunestyret gi instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike avgjer kontrollutvalet sjølv områda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Oppgåvene til kontrollutvalet med forvaltningsrevisjon følgjer av kapittel 5 i forskrift om kontrollutval, §§ 9-12. I § 9 er det presisert at:

*"Kontrollutvalget skal påse at komunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel."*

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, § 10.
- Rapporter om forvaltningsrevisjon, § 11.
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter, § 12.

Den type av revisjonstjenester som forvaltningsrevisjon sorterer under, har både nasjonalt og internasjonalt endra seg mykje dei siste åra. Et risikobasert utgangspunkt for val av prosjekt er ei tilnærming som sikrar god og nyttig revisjon. Av den grunn stiller forskriften krav om val av prosjekt basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Det blir lagt opp til ei drøfting av temaet forvaltningsrevisjon og det blir ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.11.2011

**SAK 19/11**

**REKNESKAPSRAPPORTAR STRANDA KOMMUNE 2. TERTIAL 2011 OG  
STRANDAFJELLET KF**

Som vedlegg følgjer:

- Rekneskapsrapportar drift

**Formell bakgrunn for rapporteringa**

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

*"Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak"*

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følge av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar. Det bør også lagast eigna rapportar for prosjekt som går over fleire år.

Dersom kommunestyret skal få tilstrekkeleg oversikt, bør rapportering gjerast med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet-og investeringsbudsjettet).

### Vedkomande framlagte rapportar

Prognosane for Stranda kommune i 2011 peikar på eit meirforbruk på 11.716.680 kroner.

Rekneskapen for 2009 viste eit meirforbruk (underskot) på 1.552.457 kroner. I 2010 var meirforbruket 10.933.558 kroner. Av denne summen er ein del av underskotet knytt til negative fond i VAR – rekneskapen. Denne delen kan teoretisk sett dekkjast inn på anna vis enn eit vanleg meirforbruk.

Det ligg også føre økonomisk rapportering frå føretaka. Av desse vil i denne omgangen berre Strandafjellet KF bli kommentert.

Meirforbruket i 2010 for Strandafjellet KF var på 2.471.687 kroner. I kontrollutvalet sitt møte 14.07.2011 var prognosar 2011 for Strandafjellet KF behandla. Den økonomiske situasjonen på det tidspunktet var ikkje god. I sist framlagte rapportering kjem det fram eit forventa meirforbruk på om lag 8 mill. kroner, men i det talet skal meirforbruket frå 2010 vere inkludert..

Med den heilt spesielle økonomiske situasjonen Stranda kommune no er komen i, vil det vere naturleg også å vurdere kor ofte økonomisk rapportering skal leggast fram for kommunestyret og om to rapporteringar i året er nok. Det bør vidare bli vurdert om det i situasjonen er behov for ekstra kvalitetssikring av den økonomiske rapporteringa.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### v e d t a k :

1. Kontrollutvalet ser med uro på den økonomiske situasjonen Stranda kommune er komen i.
2. Kontrollutvalet vil i situasjonen tilrå fleire økonomiske rapporteringar pr. år og ekstra kvalitetssikring av rapportane.

Harald Rogne  
dagleg leiar

# STRANDA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, råd, utval	Møtedato	Saknr	
KOMMUNESTYRET FORMANNSKAPET	31.10.2011		111/11

Saksansvarleg: Rådmann Ann Kristin Langeland	Arkiv: K1-211	Arkivsaknr 11/2025
--	---------------	--------------------

### Rekneskapsrapport Stranda kommune 2. tertial 2011

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING TIL FORMANNSKAPET:

Rekneskapsrapport for 2. tertial 2011 for Stranda kommune vert taft til orientering.

#### SAKSUTGREIING

Saka omhandlar rekneskapsrapport pr. 2. tertial 2011. Rapporten har med rapportering både for drift og investering.

#### Drift

##### Samleoversikt fordelt på artsgrupper

		Rekneskap pr. 31.08.11	Opph. budsjett 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	137 491 554	193 405 800	192 153 720	198 404 556
1-4	Drift	55 121 942	85 765 600	87 011 274	91 065 458
5	Finans	21 516 117	40 300 300	42 259 500	44 665 185
	Driftsutglifter	214 129 614	319 471 700	321 424 494	334 135 199
6	Salsinntekter	-39 994 510	-52 721 000	-58 658 400	-59 255 602
7-9	Overføringer	-166 432 407	-266 750 700	-262 766 094	-263 162 917
	Driftsinntekter	-206 426 917	-319 471 700	-321 424 494	-322 418 519
	Netto utglifter	7 702 697	0	0	11 716 680
	Mehr/mindreforbruk				11 716 680

##### Regnskapsskjema 1A - drift

	Rekneskap pr. 31.08.11	Reg. budsjett 2011	Oppr.budsjett 2011	Rekneskap i fjor 2010
Skatt på inntekt og formue	74.331.166,00	90.135.000,00	90.135.000,00	94.962.344,15
Ordinært rammefinskudd	107.722.691,96	120.326.000,00	120.325.000,00	88.671.198,00

Skatt på eiendom	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre direkte eller indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	166.158,00
Andre generelle statsstøkudd	2.602.450,00	5.133.800,00	5.133.800,00	13.951.761,00
<b>Sum frie disponibele inntekter</b>	<b>104.656.307,96</b>	<b>215.593.800,00</b>	<b>215.593.800,00</b>	<b>197.741.461,15</b>
Renteinntekter og utbytte	2.797.048,35	5.037.200,00	5.037.200,00	3.681.308,83
Gevinst finansleie instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutg., provvisjoner og andre fin.utg.	13.546.937,23	20.251.600,00	20.251.600,00	18.594.560,88
Tap finansleie instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdag på lån	12.896.582,00	15.934.000,00	15.934.000,00	14.225.586,00
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-23.646.470,88</b>	<b>-31.148.400,00</b>	<b>-31.148.400,00</b>	<b>-29.138.838,05</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. meirforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Til ubundne avsetninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Til bundne avsetninger	1.524.464,86	6.040.700,00	4.081.500,00	2.974.421,84
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne avsetninger	0,00	0,00	0,00	1.552.457,93
Bruk av bundne avsetninger	1.086.028,90	6.711.594,00	10.621.200,00	5.443.305,76
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-438.435,96</b>	<b>670.894,00</b>	<b>6.539.700,00</b>	<b>4.021.341,85</b>
Overført til Investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	2.237.805,28
Til fordeling drift	160.571.401,12	185.116.294,00	190.985.100,00	170.386.159,67
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	160.571.401,12	185.116.294,00	190.985.100,00	170.386.159,67
<b>Regnskapsmessig meir/mindreforbruk</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

### Rekneskapsrapport pr. 31.08.2011 – skjema 1B

		Rekneskap	Oph. budsj.	Just.budsjett	Prognose
		pr. 31.08.11	2011	pr. 31.08.11	2011
101	Kommunaleiinga	30 601 375	25 904 000	26 350 380	30 955 777
201	Ringstad skule	13 391 122	21 038 000	21 038 000	21 044 417
202	Sunnylven skule	5 636 048	8 743 000	8 743 000	8 704 117
203	Gelranger skule og barnehage	3 921 447	6 243 000	6 328 000	6 317 338
204	Liabygda skule og barnehage	2 571 615	4 168 000	4 168 000	4 162 022
205	Heilstad skule og barnehage	3 683 541	5 910 000	5 910 000	5 794 416
206	Stranda ungdomsskule og v.oppl.	10 261 907	15 490 000	15 490 000	15 572 825
211	Ringstad barnehage	4 077 069	6 995 000	6 995 000	6 958 178
212	Sunnylven barnehage	1 913 068	2 598 000	2 598 000	2 985 482
220	PPT	1 013 422	1 622 000	1 622 000	1 620 089
301	Stranda distrikt	30 251 362	39 594 000	39 594 000	43 108 087
302	Sunnylven distrikt	7 150 986	9 672 000	9 672 000	11 557 757
303	Gelranger distrikt	2 687 298	3 824 000	3 824 000	4 027 310
305	Helsetenesta	5 876 337	9 327 000	9 327 000	9 865 116
306	Sosialtenesta	8 449 311	11 366 000	11 366 000	10 749 169
401	Kultur og fritid	2 925 608	4 806 000	4 806 000	4 805 114
501	Næringsavdelinga	3 533 597	3 742 000	4 528 000	4 703 428
601	Kommunalteknikk	-4 277 448	9 353 000	9 353 000	9 616 895
701	Diverse	0	2 198 000	880 620	0
	<b>Sum tenesteeiningane</b>	<b>133 667 665</b>	<b>192 593 000</b>	<b>192 593 000</b>	<b>202 547 535</b>
801	Skattar og rammeoverføring	-143 305 624	-214 695 000	-214 695 000	-214 882 000
901	Renter, avdrag og utbytte	17 340 656	22 102 000	22 102 000	24 051 145
	<b>Totalt</b>	<b>7 702 697</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>11 716 680</b>

#### Generell kommentar

Prognose for 2011 indikerer eit meirforbruk på kr 11 716 680. Til samanlikning vart det ved rapporteringa for 1. tertial varsla prognose på meirforbruk på kr 8 460 450.

Kommunaleiinga har prognose meirforbruk på kr 4 605 397. Av dette er knapt kr 3,2 mill. knytt til mindreinntekt momskompensasjon knytt til investeringar. Ansvar fag, barnehage og grunnskule, vil få eit meirforbruk på om lag kr 2,8 mill.

I rekneskapsrapporteringa er det forutsett at det som står igjen på tilleggsloeyvingar ikkje blir nytta, men går inn til dekning av meirutgifter generelt.

Skule- og barnesektoren har stort sett prognose for rekneskap 2011 nær budsjettet ramme.

Helse, omsorg og sosial har samla prognose på meirforbruk på kr 5,5 mill.

Renter, avdrag og utbytte har prognose for meirforbruk på ca 1,95 mill. kr. Av dette gjeld kjem knapt kr 1,2 mill. frå lavare utbytte enn budsjettet.

For einingar med mindre avvik mellom ramme for 2011 og prognose for meir-/mindreforbruk er det ikkje lagt inn kommentarar.

#### 101 Kommuneleiinga

		Rekneskap pr. 31.08.11	Opph. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	17 872 319	15 762 500	15 762 500	16 042 090
1-4	Drift	22 647 524	28 298 000	28 744 380	29 823 880
5	Finans	10 523	0	0	0
	Driftsutgifter	40 530 367	44 060 500	44 506 880	45 865 970
6	Salsinntekter	-2 914 048	-3 546 600	-3 546 600	-3 857 600
7-9	Overføringer	-7 014 944	-14 609 900	-14 609 900	-11 052 593
	Driftsinntekter	-9 928 992	-18 156 500	-18 156 500	-14 910 193
	Netto utgifter	30 601 375	25 904 000	26 350 380	30 955 777
	Meir/mindreforbruk				4 605 397

#### Momskompensasjon frå investeringsprosjekt

Det er budsjettet med kr 8 121 200 i momskompensasjon investering. Ut frå berekna investeringsnivå for 2011, vil momskompensasjon som skal førast i driftsrekneskapet bli på om lag kr 4 950 000. Dette gir ei mindreinntekt på kr 3 171 000 i forhold til budsjett. Det er då tatt omsyn til at 60 % av inntekta skal førast i drift, resten i investeringsrekneskapet.

#### Barnehage

Det er budsjettet med kr 2 313 000 i bruk av fond barnehage. Men det er berre disponibelt kr 1,3 mill. på fond. Dette fører til ei mindreinntekt pr om lag 1 mill. kroner i bruk av fond. Budsjettet bruk av fond vart gjort før avslutning av rekneskap 2010.

#### Grunnskule

Det er budsjettet med kr 359 800 til dekning av refusjonskrav frå andre kommunar. Prognose for 2011 er på kr 2 mill. – det vil gi eit meirforbruk på ca kr 1 640 000.

Refusjonskrava gjeld dekning for skulegang i andre kommunar for barn i fosterheimar og refusjon PPT Nordre Sunnmøre.

#### Tilleggsloeyvingar

Det vart sett av kr 743 900 på budsjettet som tilleggsloeyvingar. Pr. i dag står det udisponert. Det er føresett at resterande tilleggsloeyvingar ikkje blir nytta og i staden går inn til dekning av meirforbruk på andre eininigar.

#### 201 Ringstad skule

		Rekneskap pr. 31.08.11	Opph. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	13 500 516	20 378 500	20 378 500	21 074 654
1-4	Drift	1 280 682	1 743 400	1 743 400	1 863 670
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	14 781 197	22 121 900	22 121 900	22 938 324
6	Salsinntekter	-639 300	-795 000	-795 000	-971 855
7-9	Overføringer	-750 775	-288 900	-288 900	-922 052
	Driftsinntekter	-1 390 075	-1 083 900	-1 083 900	-1 893 907

Netto utgifter	13 391 122	21 038 000	21 038 000	21 044 417
Meir/mindreforbruk				6 417

### 202 Sunnylven skule

		Rekneskap pr. 31.08.11	Ophh. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	5 146 467	7 968 300	7 968 300	7 905 317
1-4	Drift	629 819	1 047 600	1 047 600	1 071 700
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	5 776 286	9 015 900	9 015 900	8 977 017
6	Salsinntekter	-44 580	-67 200	-67 200	-67 200
7-9	Overføringer	-95 658	-205 700	-205 700	-205 700
	Driftsinntekter	-140 239	-272 900	-272 900	-272 900
	Netto utgifter	5 636 048	8 743 000	8 743 000	8 704 117
	Meir/mindreforbruk				-38 883

### 203 Geiranger skule og barnehage

		Rekneskap pr. 31.08.11	Ophh. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	3 871 487	6 124 500	6 189 800	6 186 509
1-4	Drift	390 299	611 000	615 900	649 765
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	4 261 786	6 735 500	6 805 700	6 836 274
6	Salsinntekter	-241 056	-402 900	-388 100	-384 960
7-9	Overføringer	-99 283	-89 600	-89 600	-133 976
	Driftsinntekter	-340 339	-492 500	-477 700	-518 936
	Netto utgifter	3 921 447	6 243 000	6 328 000	6 317 338
	Meir/mindreforbruk				-10 662

### 204 Liabygda skule og barnehage

		Rekneskap pr. 31.08.11	Ophh. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	2 525 388	4 047 500	4 047 500	4 046 722
1-4	Drift	267 990	479 500	479 500	462 300
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	2 793 377	4 527 000	4 527 000	4 509 022
6	Salsinntekter	-165 020	-277 600	-277 600	-265 600
7-9	Overføringer	-56 742	-81 400	-81 400	-81 400
	Driftsinntekter	-221 762	-359 000	-359 000	-347 000
	Netto utgifter	2 571 615	4 168 000	4 168 000	4 162 022
	Meir/mindreforbruk				-5 978

### 205 Helstad skule og barnehage

		Rekneskap pr. 31.08.11	Ophh. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	4 063 595	6 175 300	6 175 300	6 399 735
1-4	Drift	254 710	488 900	488 900	425 906
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	4 318 305	6 664 200	6 664 200	6 825 641
6	Salsinntekter	-446 682	-663 000	-663 000	-692 957
7-9	Overføringer	-188 082	-91 200	-91 200	-338 268
	Driftsinntekter	-634 764	-754 200	-754 200	-1 031 225
	Netto utgifter	3 683 541	5 910 000	5 910 000	5 794 416
	Meir/mindreforbruk				-115 584

## 206 Stranda ungdomsskule og yksenopplæring

		Rekneskap pr. 31.08.11	Ophh. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	10 779 239	15 165 300	15 165 300	16 631 457
1-4	Drift	855 667	1 441 900	1 441 900	1 185 900
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	11 634 906	16 607 200	16 607 200	17 817 357
6	Salsinntekter	-50 490	-102 800	-102 800	-102 800
7-9	Overføringer	-1 322 509	-1 014 400	-1 014 400	-2 141 732
	Driftsinntekter	-1 372 999	-1 117 200	-1 117 200	-2 244 532
	Netto utgifter	10 261 907	15 490 000	15 490 000	15 572 825
	Meir/mindreforbruk				82 825

## 211 Ringstad barnehage

		Rekneskap pr. 31.08.11	Ophh. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	5 285 701	8 047 000	8 047 000	8 010 178
1-4	Drift	288 128	613 300	613 300	613 300
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	5 573 829	8 660 300	8 660 300	8 623 478
6	Salsinntekter	-964 317	-1 598 500	-1 598 500	-1 598 500
7-9	Overføringer	-532 443	-66 800	-66 800	-66 800
	Driftsinntekter	-1 496 761	-1 665 300	-1 665 300	-1 665 300
	Netto utgifter	4 077 069	6 995 000	6 995 000	6 958 178
	Meir/mindreforbruk				-36 822

## 212 Sunnylven barnehage

		Rekneskap pr. 31.08.11	Ophh. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	2 327 322	3 014 900	3 014 900	3 653 128
1-4	Drift	158 172	277 200	277 200	226 379
5	Finans	3 453	0	0	3 453
	Driftsutgifter	2 488 946	3 292 100	3 292 100	3 882 960
6	Salsinntekter	-437 334	-665 500	-665 500	-688 878
7-9	Overføringer	-138 545	-28 600	-28 600	-208 600
	Driftsinntekter	-575 878	-694 100	-694 100	-897 478
	Netto utgifter	1 913 068	2 598 000	2 598 000	2 985 482
	Meir/mindreforbruk				387 482

Meirforbruket er knytt til lønnspostar. Barnehagen har no 42 plassar i drift mot 36 som er det vanlege. Dette har gjort det nødvendig å tilsette 100 % pedagogisk leiar utan at barnehagen har stillingsheimel for dette. Inntektene har auka noko som følgje av auke i barnetal.

## 220 PPT

		Rekneskap pr. 31.08.11	Ophh. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	1 375 436	2 210 300	2 210 300	2 208 389
1-4	Drift	106 952	501 600	501 600	501 600
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	1 482 388	2 711 900	2 711 900	2 709 989
6	Salsinntekter	0	0	0	0
7-9	Overføringer	-468 966	-1 089 900	-1 089 900	-1 089 900
	Driftsinntekter	-468 966	-1 089 900	-1 089 900	-1 089 900
	Netto utgifter	1 013 422	1 622 000	1 622 000	1 620 089
	Meir/mindreforbruk				-1 911

### 301 Stranda distrikt

		Rekneskap pr. 31.08.11	Oph. budsj. 2011	Just.budsjet	Prognose 2011
0	Lønn	33 563 597	47 790 100	47 790 100	51 844 016
1-4	Drift	6 004 324	6 816 400	6 816 400	8 257 523
5	Finans	3 489	0	0	18 947
	Driftsutgifter	39 571 411	54 606 500	54 606 500	60 120 486
6	Salsinntekter	-6 760 878	-10 468 000	-10 468 000	-10 721 293
7-9	Overføringer	-2 559 171	-4 544 500	-4 544 500	-6 291 106
	Driftsinntekter	-9 320 049	-15 012 500	-15 012 500	-17 012 399
	Netto utglifter	30 251 362	39 594 000	39 594 000	43 108 087
	Mehr/mindreforbruk				3 514 087

Stranda distrikt har prognose for meirforbruk på kr 3 514 087. Lønnskostnadane etter at det er tatt høgde for sjukelønnsrefusjon, har prognose for meirforbruk på 2,3 mill. kroner.

Det meste av meirforbruket er knytt til ansvar 3011, Sjukeheimen, med meirforbruk på knapt kr 2,8 mill. Det er stort meirforbruk for overtid mellom anna på grunn av det er fleire pasientar på dobbeltrom som gjer det nødvendig å leige inn ekstra personale. Grunna ressurskrevjande brukarar og stor pleietyngde, har det vore nødvendig å nytte vikarbyrå med ekstra kostnad på om lag kr 473 000.

Ansvar 3012, Solbakken, har prognose meirforbruk på om lag kr 625 000. Det er her budsjettert med refusjon frå staten til ressurskrevjande tenester på kr 900 500 utan at denne inntekta kjem.

Ansvar 3014, Liabygda omsorgsbustader, har prognose på kr 125 000 i meirforbruk. Heimetenestene og Møregata går ut i balanse.

### 302 Sunnylven distrikt

		Rekneskap pr. 31.08.11	Oph. budsj. 2011	Just.budsjet	Prognose 2011
0	Lønn	7 684 951	11 950 300	11 950 300	12 461 216
1-4	Drift	1 704 284	2 289 200	2 289 200	2 409 722
5	Finans	300	0	0	350
	Driftsutglifter	9 389 536	14 239 500	14 239 500	14 871 288
6	Salsinntekter	-1 738 007	-2 554 300	-2 554 300	-2 610 310
7-9	Overføringer	-500 542	-2 013 200	-2 013 200	-703 221
	Driftsinntekter	-2 238 549	-4 567 500	-4 567 500	-3 313 531
	Netto utglifter	7 150 986	9 672 000	9 672 000	11 557 757
	Mehr/mindreforbruk				1 885 757

Det er budsjettert med refusjon frå staten på kr 1 644 800 for ressurskrevjande tenester. Det har kome avslag på søknaden om denne refusjonen. Svikt i denne inntekta er hovudforklaringa til meirforbruket ved eininga. Lønnskostnader vert om lag kr 280 000 høgare enn budsjettert når det er tatt omsyn til sjukelønnsrefusjon.

### 303 Geiranger distrikt

		Rekneskap pr. 31.08.11	Oph. budsj. 2011	Just.budsjet	Prognose 2011
0	Lønn	2 863 076	4 067 600	4 067 600	4 429 764
1-4	Drift	425 470	538 200	546 594	568 402
5	Finans	1 966	0	0	1 966
	Driftsutglifter	3 290 513	4 605 800	4 614 194	5 000 132
6	Salsinntekter	-451 094	-687 400	-687 400	-758 049
7-9	Overføringer	-152 120	-94 400	-102 794	-214 773
	Driftsinntekter	-603 214	-781 800	-790 194	-972 822
	Netto utglifter	2 687 298	3 824 000	3 824 000	4 027 310
	Mehr/mindreforbruk				203 310

Lønnskostnader vert om lag kr 255 000 høgare enn budsjettert når det er tatt omsyn til sjukelønnsrefusjon. Eininga har større lønnsutgifter til ekstravakter og ekstrahjelp mellom anna pga overtidsbetaling for personar som jobbar på natt.

Alle bustadane er utleigde og fører til at salsinntektene blir noko høgare enn budsjettert.

### 305 Helsetenesta

		Rekneskap pr. 31.08.11	Opph. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	7 869 077	11 231 400	11 231 400	11 759 385
1-4	Drift	1 901 819	2 743 200	2 743 200	3 017 468
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	9 770 896	13 974 600	13 974 600	14 776 853
6	Salsinntekter	-2 862 757	-3 980 600	-3 980 600	-3 782 400
7-9	Overføringer	-1 031 801	-667 000	-667 000	-1 129 337
	Driftsinntekter	-3 894 558	-4 647 600	-4 647 600	-4 911 737
	Netto utgifter	5 876 337	9 327 000	9 327 000	9 865 116
	Mehr/mindreforbruk				538 116

Diagnose og behandling har prognose for meirforbruk på kr 544 000. Det er ekstra kostnader knytt til at det må leigast inn vikarar for å dekke legevaktsarbeidet.

Refusjon frå staten i fastlønnstilskot til turnuslege blir kr 240 000 under budsjettet.

Lønnskostnad 40 % stilling helsesøster som må dekkast av eige budsjett, utgjer kr 137 000. Jordmortenesta har eit mindreforbruk på kr 120 000 pga sjukmelding deler av året.

### 306 Sosialtenesta

		Rekneskap pr. 31.08.11	Opph. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	7 672 849	10 844 900	10 844 900	8 531 000
1-4	Drift	2 061 344	2 989 900	2 989 900	3 425 966
5	Finans	66 324	33 200	33 200	33 200
	Driftsutgifter	9 800 517	13 868 000	13 868 000	11 990 166
6	Salsinntekter	-82 053	-287 800	-287 800	0
7-9	Overføringer	-1 269 153	-2 214 200	-2 214 200	-1 240 997
	Driftsinntekter	-1 351 206	-2 502 000	-2 502 000	-1 240 997
	Netto utglifter	8 449 311	11 366 000	11 366 000	10 749 169
	Mehr/mindreforbruk				-616 831

### 401 Kultur og fritid

		Rekneskap pr. 31.08.11	Opph. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	2 166 621	3 053 000	3 053 000	3 508 892
1-4	Drift	1 729 492	2 917 200	2 917 200	2 767 698
5	Finans	0	0	0	0
	Driftsutgifter	3 896 114	5 970 200	5 970 200	6 276 590
6	Salsinntekter	-388 598	-965 700	-965 700	-830 900
7-9	Overføringer	-581 908	-198 500	-198 500	-640 576
	Driftsinntekter	-970 506	-1 164 200	-1 164 200	-1 471 476
	Netto utglifter	2 925 608	4 806 000	4 806 000	4 805 114
	Mehr/mindreforbruk				-886

### 501 Næringsavdelinga

		Rekneskap pr. 31.08.11	Opph. budsj. 2011	Just.budsjett pr. 31.08.11	Prognose 2011
0	Lønn	2 390 088	3 316 900	3 316 900	3 651 380
1-4	Drift	3 623 377	3 251 800	4 037 800	4 827 379
5	Finans	1 421 000	802 900	802 900	802 900
	Driftsutglifter	7 434 465	7 371 600	8 157 600	9 281 659

6	Salsinntekter	-661 625	-1 167 400	-1 167 400	-1 189 400
7-9	Overføringer	-3 239 243	-2 462 200	-2 462 200	-3 388 831
	Driftsinntekter	-3 900 868	-3 629 600	-3 629 600	-4 578 231
	Netto utgifter	3 533 597	3 742 000	4 528 000	4 703 428
	Mehr/mindreforbruk				175 428

### 601 Kommunalteknikk

		Rekneskap	Oph. budsj.	Just.budsjett	Prognose
		pr. 31.08.11	2011	pr. 31.08.11	2011
0	Lønn	6 533 825	10 059 500	10 059 500	10 060 726
1-4	Drift	10 791 888	28 717 300	28 717 300	28 966 900
5	Finans	1 154	3 278 600	5 237 800	6 303 369
	Driftsutgifter	17 326 867	42 055 400	44 014 600	45 330 995
6	Salsinntekter	-21 146 670	-24 490 700	-30 442 900	-30 732 900
7-9	Overføringer	-457 644	-8 211 700	-4 218 700	-4 981 200
	Driftsinntekter	-21 604 315	-32 702 400	-34 661 600	-35 714 100
	Netto utgifter	-4 277 448	9 353 000	9 353 000	9 616 895
	Mehr/mindreforbruk				263 895

### 701 Diverse

		Rekneskap	Oph. budsj.	Just.budsjett	Prognose
		pr. 31.08.11	2011	pr. 31.08.11	2011
0	Lønn	0	2 198 000	880 620	0
1-4	Driftsutgifter	0	2 198 000	880 620	0
	Netto utgifter	0	2 198 000	880 620	0
	Mehr/mindreforbruk				-880 620

Det vart sett av kr 2 198 000 på budsjettet merka som tilleggsloeyvingar. Pr. i dag står det att kr 880 620. Det er føresett at resterande tilleggsloeyvingar ikkje blir nytta og i staden går inn til dekning av meirforbruk på andre eininigar.

### 801 Skattar og rammetilskot

		Rekneskap	Oph. budsj.	Just.budsjett	Prognose
		pr. 31.08.11	2011	pr. 31.08.11	2011
7-9	Overføringer	-143 305 624	-214 695 000	-214 695 000	-214 882 000
	Driftsinntekter	-143 305 624	-214 695 000	-214 695 000	-214 882 000
	Mehr/mindreforbruk				-187 000

Prognose for skatteinntekter og rammetilskot frå staten tar utgangspunkt i tall frå KS sin prognosemodell. Skatteinntektene ser ut til å bli tilnærma lik budsjettet – det er lagt inn ei mindreinntekt i prognosene på kr 27 000.

Rammetilskotet har prognose som ligg kr 1 429 000 over budsjettet.

Det er budsjettert med kr 4 235 000 i kompensasjonstilskot knytt hovudsakleg til omsorgsbustader og skulebygg. Det er truleg at denne inntekta blir på rundt kr 3 mill. Med andre ord kr 1 235 000 lavare enn budsjettert.

Samla har skattar og rammetilskot prognose på meirinntekt på kr 187 000.

### 901 Renter, avdrag og driftsresultat

		Rekneskap	Oph. budsj.	Just.budsjett	Prognose
		pr. 31.08.11	2011	pr. 31.08.11	2011
5	Finans	20 007 908	36 185 600	36 185 600	37 501 000
7-9	Driftsutgifter	20 007 908	36 185 600	36 185 600	37 501 000
	Overføringer	-2 667 252	-14 083 600	-14 083 600	-13 449 855
	Driftsinntekter	-2 667 252	-14 083 600	-14 083 600	-13 449 855
	Netto utgifter	17 340 656	22 102 000	22 102 000	24 051 145

Mehr/mindreforbruk	0	0	0	1 949 145
--------------------	---	---	---	-----------

Det er budsjettet med utbytte på kr 3 598 000 medan vedtatt og mottatt utbytte er på kr 2 436 455. Her blir det ei mindreinntekt på kr 1 161 545.

Renteutgiftene vil bli om lag kr 1 mill. høgare enn budsjettet. Generelt har rentenivået auka noko i 2011. Ein større del av lånegjelda har fastrente. I alle fall på kort sikt aukar dette rentekostnadene, samtidig vil sårbarhet for ein eventuell renteoppgang vere redusert. I tillegg har låneopptaka auka med om lag kr 40 mill i forhold til det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Avdragsutgiftene er venta å bli som budsjettet, men vi er på grensa i forhold til nivået for minimumsavdrag. Ideelt sett burde ein ha råd til auke avdragsbetalinga for å betre økonomien på sikt.

## Investeringar

Rekneskapsskjema 2A og 2B med oversikt over investeringar, er tatt inn nedanfor.

I tillegg blir det lagt ved oversikt over større investeringsprosjekt som går over fleire år.

### Rekneskapsskjema 2A – investering

	Rekneskap pr. 31.08.11	Reg. budsjett 2011	Oppr.budsjett 2011	Rekneskap i fjor 2010
Investeringar i anleggsmidler	41.937.194,53	104.380.000,00	83.030.000,00	60.850.809,74
Utlån og forskutteringer	4.266.839,00	0,00	0,00	4.086.439,00
Avdrag på lån	658.629,00	0,00	0,00	785.688,00
Avsetninger	0,00	0,00	0,00	246.382,00
Arrets finansieringsbehov	46.862.662,53	104.380.000,00	83.030.000,00	65.969.328,74
<b>Finansiert slik:</b>				
Bruk av lånemidler	1.193.748,00	85.130.000,00	68.780.000,00	3.166.976,00
Inntekter fra salg av anleggsmidler	100.219,00	10.500.000,00	10.500.000,00	0,00
Tilskudd til investeringar	0,00	0,00	0,00	50.000,00
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	3.238.822,00	6.750.000,00	1.750.000,00	1.374.099,00
Andre inntekter	0,00	2.000.000,00	2.000.000,00	0,00
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>4.532.789,00</b>	<b>104.380.000,00</b>	<b>83.030.000,00</b>	<b>4.591.075,00</b>
Overført fra driftsregnskapet	0,00	0,00	0,00	519.463,00
Bruk av avsetninger	2.500.000,00	0,00	0,00	646.382,00
<b>Sum finansiering</b>	<b>7.032.789,00</b>	<b>104.380.000,00</b>	<b>83.030.000,00</b>	<b>5.756.920,00</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>-39.829.873,53</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-60.212.408,74</b>

### Rekneskapsskjema 2B – investering

	Rekneskap pr. 31.08.11	Buds(end) 2011
1100 REHABILITERING, RÅDHUSET	4.613,00	0
1200 UTSTYR DATA	427.684,51	500.000
1800 EIGENKAPITALINNSKOT KLP	573.091,00	0
2001 DATAUTSTYR SKULANE	0,00	800.000
2006 Felde (skule) 2009	416.279,76	200.000
2013 RINGSTAD SKULE - NY SMÅSKULE	3.000,00	0
2022 SUNNYLVEN SKULE REHABILITERING 2007	4.350.883,35	6.000.000
2062 STRANDA U-SKULE, REHAB. VVS-ANLEGG	4.201.516,58	30.000.000
2063 STRANDA UNGDOMSSKULE, PAVILJONG	157.398,00	0
3060 BUSTD PSYK. NYMARKVEGEN (2010)	703.531,00	2.500.000
4011 FLYTTING BIBLIOTEK	5.656,25	0
4012 STRANDAHALLEN 2007	4.441.083,00	8.000.000
4015 KUNSTGRASBANE HELLESYLT SATDION	47.216,54	0
4017 Skiskyttestadion i Hytteholia 2009	0,00	100.000
4018 Ungdomsklubb Hellesylt (2009)	64.503,86	0
4100 KYRKJELEG FELLESRÅD	0,00	380.000
4102 Kyrkjegardar	95.410,50	600.000

4103 KYRKJELYDSHUS STRANDA	1.500.000,00	2.200.000
5310 Fossevandrings Geiranger	1.313.661,00	9.000.000
6011 VEG SVEMORKA (2008)	1.603.354,40	3.350.000
6020 GRUNNKJØP	3.468.143,00	4.000.000
6055 STRANDA SENTRUM	3.936.810,48	7.000.000
6080 AVLØP HEVSDALEN	962.512,65	1.750.000
6085 AVLØP STRANDA	954.533,61	1.400.000
6086 AVLØP HELLESYLT	223.579,54	3.400.000
6087 AVLØP GEIRANGER	117.574,79	0
6117 FV-83 - ATTENDEBETALING AV FORSKOTTERING	377.150,00	0
6130 ASFALTERING	0,00	300.000
6141 UTSTYR BRANNVERN	86.951,00	100.000
6143 BRANNSTASJON HELLESYLT	9.865,00	0
6147 BRANNBIL HELLESYLT	32.387,00	800.000
6148 FEIARBIL	0,00	300.000
6170 KJØLEN	1.200.000,00	0
6181 VATN ENGESET (VAR)	32.052,40	0
6183 STRANDA SENTRUM (VAR)	77.202,72	3.000.000
6185 RINGSTAD/SLØGSTADMARKA 2007	1.341.417,86	3.050.000
6187 Utbygging Svmorka 2008(VAR)	39.123,20	1.000.000
6190 HELLESYLT VASSVERK	318.493,80	1.000.000
6191 REHABILITERING VATN	0,00	400.000
6198 GEIRANGER VASSVERK	0,00	500.000
6199 DAM BUVATN/SVARTEVATN	1.500.000,00	2.500.000
6200 Byggfelt Liabygda 2006	2.145.835,55	3.850.000
6700 GATELYS BYGGJEFELT	0,00	500.000
6900 HELSEMVKA	0,00	300.000
<b>T O T A L T</b>	<b>41.921.642,53</b>	<b>102.580.000</b>

Det er registrert udekka pr. 31.08.2011, men dette har samanheng med at det ikke all bruk av lå nemidlar er registrert. Udekka fra 2010 er finansiert ved låneopptak i 2011.

**Vedlegg i saka:**

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.10.2011	Investeringsoversikt 2 tertial 2011.pdf	122281

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

\*

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 21.11.2011

**SAK 20/11  
SVAR VEDKOMANDE DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN VED  
STRANDAFJELLET KF**

Som vedlegg følgjer:

- Sak 10/11.2011 fra Strandafjellet KF

I sak 15/11 i møte 14.07.2011 gjorde kontrollutvalet slikt samnøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til det store avviket det er mellom Strandafjellet KF og kommunerevisjonens prognosar for rekneskapsresultatet for 2011.
2. Utvalet har merka seg at kommunerevisjonen reiser spørsmål om rekneskapsrapporten frå føretaket for 1. tertial 2011 er forsvarleg utgreidd i tråd med dei krava som er sett i kommunelova.
3. Utvalet vil generelt påpeike at manglar ved økonomisk rapportering kan medføre at viktig informasjon blir halde tilbake for kommunestyret.
4. Avvika i prognosane gir grunn til å vurdere om budsjettet for 2011 for Strandafjellet KF er realistisk. Kontrollutvalet viser her til kommunelova § 46 nr. 3 om realismekravet i budsjettet og § 47 som gjeld kravet om rapportering av den faktiske utviklinga av inntekter og utgifter.
5. Kontrollutvalet ber om at styret i foretaket innan 15. september 2011 oversender kontrollutvalet ei skriftleg utgjeiring om styret sin strategi for å få føretaket sin økonomi i balanse.
6. Kontrollutvalet viser elles til dei prosessane som er sett i gang for å betre likviditet og driftsbalanse i drivarselskapet.
7. Kontrollutvalet sitt vedtak med tilhøyrande dokument som saksutgjeiring og notatet frå kommunerevisjonen skal oversendast kommunestyret, formannskapet og styret i føretaket.

I oversending til kontrollutvalsekretariatet datert 17.11.2011 følgjer ein rapport om den økonomiske situasjonen ved Strandafjellet KF. Rapporten gir klart inntrykk av at styrande organ i Strandafjellet KF har teke innover seg den vanskelege økonomiske situasjonen som føretaket har kome i. Det går også fram at kommunestyret vart informert om dette i møte 5. oktober 2011.

Rapporten tek for seg fleire viktige forhold knytt til foretaket sin økonomi. Av desse nemner ein:

- Behov for auke i leigesum ved overlevering av gondolar og garasje for heis og gondol
- Inntekter på profileringsavtalar er stipulert til 1.000.000 pr. år. Samtidig går det fram at resultatet av salet av profileringsavtaler ikkje er kjent. Også andre inntekter kan svikte når det fram
- Feilaktig fakturering frå Strandafjellet Skisenter AS på meirverdiavgift av tapt omsetning
- Manglande rutine for varsling og avtale på førehand for bestilling av varer og tenester
- Manglande avklaring på kven som skal dekkje forskjellige utgifter
- Uteståande krav overfor drivarselskapet
- Forståing av avtalen mellom føretaket og drivarselskapet
- Prognosar på stort meirforbruk i 2011
- Forsøk på å annullere bestilte kjøp
- Betalingsutsetjing overfor leverandørar
- Risiko for at drivarselskapet vil ha problem med å betale leige

Til slutt går det fram at økonomisk balanse vil bli hovudtema i 2012.

Strandafjellet KF som er eit kommunalt føretak der kommunen ber det økonomiske ansvaret, står for store deler av kommunen si lånegjeld. Utviklinga i føretaket vil ha stor betydning for kommunen sin økonomi i åra som kjem. Det store avviket som kom fram mellom foretaket sin eigen tertialrapport og kommunerevisjonen sine prognosar ved første tertialrapport synest no å vere borte ettersom foretaket no har endra sine prognosar i andre tertial.

Det er lagt opp til at dagleg leiar ved føretaket orienterer om situasjonen og også om ein oppdatert versjon i forhold til det som er oversendt kontrollutvalet.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

1. Kontrollutvalet har den økonomiske utviklinga i Strandafjellet KF til observasjon.
2. Saka blir å oversende kommunestyret.

Harald Rogne  
dagleg leiar



**Stranda kommune**  
**Strandafjellet KF**

Saksbehandler: Toril Callsen

---

**Melding om vedtak**

Kontrollutvalsekretariat IKS  
Postboks 7881  
6022 ÅLESUND

Vår ref.: 11/1338-9

Dyktar ref.:

Arkiv: K1-216

Dato: 17.11.2011

**Kontrollutvalsak-15/11 den økonomiske situasjonen ved Strandafjellet KF**

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

**10.11.2011 STRANDAFJELLET KF for Stranda kommune**

**STFJ-022/11 Vedtak samrøystes:**

Rapport datert 26.10.2011 i samband med Kontrollutvalssak 15/11 om den økonomiske situasjonen for Strandafjellet KF, vert å sende til Stranda kommune og Kontrollutvalet.

Med helsing  
Strandafjellet KF for Stranda kommune

Toril Callsen  
Dagleg leiar

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikke signatur.*

**Mottakarar:**

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal	Postboks 7734, Spjelkavik	6022	ÅLESUND
Kontrollutvalet Kontrollutvalsekretariat IKS Stranda kommune	v/ Inge Gjerde Postboks 7881 Postboks 264	6201 6022 6201	STRANDA ÅLESUND STRANDA

**Vedlegg:**

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.11.2011	kontrollutvalet svar okt 2011	122564
17.11.2011	ktr.utv.juli 2011	122574
17.11.2011	Drift 2011 - sept.2011	122575

**Kontrollutvalssak 15/11 -**  
**Den økonomiske situasjonen ved Strandafjellet KF.**

Kontrollutvalet viser til det store avviket det var mellom Strandafjellet KF og kommunerevisjonens prognosenter tilbake til 1.terital 2011. Det blir og reist spørsmål om rekneskapen for føretaket for 1.terital 2011 er forsvarleg utgitt i tråd med krav som er sett i kommunelova.

Bakgrunnen for notat fra kommunerevisjonen er den vanskeleg økonomiske situasjonen i driftsselskapet Strandafjellet Skisenter AS, og vurderingar av økonomiske konsekvensar for Strandafjellet KF som er eigar og utleigar av driftsmidlane ved det alpine anlegget.

Strandafjellet KF nedsette ei arbeidsgruppe/ressursgruppe i styremøte 19.september 2011 for gjennomgang av rekneskapen, prognose og behov for budsjettjusteringar for inneverande år. Løysinga med arbeidsgruppe (ressursgruppe) blei valt for å få ei brei forståing av den økonomiske situasjonen med utfordringar og forventningar i inneverande år.

I dette svaret til Kontrollutvalet ligg rekneskap pr. 30.09.2011 til grunn saman med rapporten frå Kommunerevisjonen som bygger på rekneskapen pr. 30.06.2011. Ein har funne det formålstenleg å gi Kontrollutvalet svar etter ny gjennomgang av rekneskap og det ein pr. dato har oversyn over av kostnader/økonomiutvikling ut året 2011.

Ein 1.terital rapport blei utarbeidd administrativt. Med bakgrunn i meir positive forventningar til utvikling ut året 2011, blei terital rapporten omarbeidd av dåverande styreleiar. Denne blei vedteken av styret i føretaket og handsama og vedteken i kommunestyret i Stranda.

**Strandafjellet KF – 2011 Drift.**

Som vedlegg finn de rekneskap, vedteke budsjett og prognose for rekneskapen 2011. Meirforbruket etter vedteke budsjett og prognose for 2011 er kr 8 021 238. Meirforbruket i 2010 – kr 2 471 688 er inkludert i denne summen.

Rådmannen i Stranda er informert om den økonomiske situasjonen for føretaket, og har vidare informert Kommunestyret i Stranda, i møte 5. oktober 2011, om inndekning av meirforbruket i Strandafjellet KF for året 2010 over kommunalt budsjett.

I prosessen fram mot vedlagt oppsett - 2011 Drift, har notatet frå Kommunerevisjonen om den økonomiske situasjonen ved Strandafjellet KF pr 30.06.2011 spelt ei vesentleg rolle. Rapporten bygger på den vanskeleg økonomiske situasjonen ved Strandafjellet Skisenter AS som drivarselskap, og om konsekvensar for det kommunale føretaket dersom avtalefesta leige ikkje blir betalt.

#### Inntektsgrunnlaget for Strandafjellet KF.

Driftsgrunnlaget for Strandafjellet KF er vedteken leigesum etter juridisk bindande avtale inngått med Strandafjellet Skisenter AS, årleg leige pr. dato 7 000 000 kroner.

Auka leigesum ved overlevering av gondolar og garasje for heis og gondol.  
Ei forutsetting for utbygging av stolheis til fullverdi Telemix-heis, dvs både gondolar og stolar, var og er auke i årleg leige frå drivarselskapet ein føresetnad.

Ferdigstilling av anlegg under oppføring er forventa primo desember 2011. Styret vil sjå til at forhandlingar om leigesats ut året 2011, og ny årleg leigesats frå og med 2012, blir gjennomført snarast.

Profileringsavtaler for gondol er omtalt i sak 003/11 i Strandafjellet KF, og kommunestyresak 026/11 i møte 30.03.2011. Forventa inntekt og naudsynt profileringssinntekt for finansiering av 20 gondolar og oppføring av garasje, er i saka anslått til 50.-60.000 pr gondol pr. år. Salet av profileringssavtalar har blitt ivareteke av Strandafjellet Skisenter AS og då i samarbeid/etter avtale med tidlegare styreleiar i Strandafjellet KF. Resultat av salet av profileringssavtalar er ikkje kjent pr dato.

Profileringsinntekter vil som omtalt i kommunestyresak 003/11 for 20 stk gondolar à kr 50.000 utgjere ei inntekt på kr 1 000 000 pr år. Omtalt er avtalar over 3 år, dvs. totalt 3 000 000.

#### Restanse 2010 – frå driftsselskapet.

Kommunerevisjonen påpeikar på side 2 i sitt notat, at 500.000 kroner står som uoppkjort restanse for 2010 frå driftsselskapet til Strandafjellet KF.  
Økonomiavdelinga informerer at Strandafjellet Skisenter AS har motrekna dette beløpet for m.a. godtjersle for tapt forteneste pga forseinka oppstart av anlegg på Roalden – stolheis og Paviljong Roalden.

#### Reduksjon i inntekt for Strandafjellet KF:

Erstatningskrav for forseinka ferdigstilling av stolheis og Paviljong Roalden.  
Erstatningskrav frå Strandafjellet Skisenter AS blei imøtekome av styret i Strandafjellet KF. I etterkant av vedtaket med aksept av omsøkt sum, kom det fram at tapt omsetning ikkje skal erstattast med salsprisar inklusive meirverdiavgift. Strandafjellet KF har ikkje motteke ny faktura etter regelverket som er stadfestat av Skatteetaten. Summen kr 998.231.00 blir likevel forventa redusert i samsvar med lov om meirverdiavgift.

Fakturaer sendt til Strandafjellet Skisenter AS i anleggsperioden er omtalt i rapporten, og omtalen er korrekt. Det er sterkt å beklage at rutine om varsling og

avtale på førehand for bestilling av varer og tenester og korrekt fakturaadresse, ikke blei fylgt eller til fulle innarbeidd i anleggsperioden 2010/11. Styret i Strandafjellet KF vil få framlagt fakturaer for endelig godkjenning i førstkomande møte.

Prognose frå drivarselskapet ut året 2011 - omtale på side 3 i notat frå revisjonen.

Strandafjellet Skisenter AS skal i sin prognose for siste halvår 2011 ha teke med føresetnad om dekking av årleg revisjon av stolheis frå Strandafjellet KF, årleg kostnad ca 300.000.

Strandafjellet KF som er eigar av anleggsmidlane, betalar årsavgift for konsesjonsgitte taubaner/heiser. Årleg revisjon er ei sak mellom heisleverandøren og drivarselskapet. Denne sistnemnde er ein periodisk kontroll og drivarselskapet bør ta høgde for slike utgifter over eige budsjett.

Kostnader for reise og opphold for Taubanetilsynet / Veritas sine tilsette, blir betalt gjennom årsavgifta som eigarselskapet (KF) betalar.

Utskifting av belte til trakkemaskin, denne saka er ikkje kjent for administrasjonen i Strandafjellet KF.

Leasingavtale trakkemaskin – det er ikke inngått avtale om overtaking av leasingavtale for trakkemaskin. Strandafjellet KF har derimot ikke motteke oppgjør for utfakturerte kr 200.000 eks. moms, for sal av bruk trakkemaskin. Dette er ei uavslutta sak mellom selskapa.

## Drøftingar og forståing av avtale.

Drøftingar om forsikring, vedlikehald og ansvarsdeling, naudsynt service, innleige av utstyr, rapportering osv. bør avklarast nærmere mellom selskapa. Etter snart 2 års drift vil driftsselskapet og eigarselskapet kunne basere slike drøftingar på vunne erfaringar.

Kommunerevisjonen tilrår i sitt notat ein full gjennomgang av kontrakten mellom eigar og drivar og då i samråd med kommuneadvokat. Denne tilrådinga blir å følgje opp av Strandafiellet KE.

Oppsummering – side 8 i notat fra Kommunerevisionen.

Prognose akkumulert underskott per 31.12.11 i notat pr 12.07.11 kr 10 238 180

Prognose for rekneskapen 2011 er etter ny gjennomgang pr 20.09.2011 - Strandafiellet KE

kr 8 021 238

Meirforbruk frå 2010 med kr 2 471 688 ligg inne i de to prognosane.

Prognose frå Kommunerevisjonen er basert på at drivarselskapet ikke er i stand til å dekke sine plikter. Og, når det gjeld innbetaling frå drivarselskapet er det eit faktum at selskapet ligg etter med betaling av leige. Avtale blei omarbeidd til månadlege avdrag à kr 416.000, med sluttbetaling for året innan 01.11.2011, men med

eventuelle fråtrekk av erstatningssum grunna sein ferdigstilling av anlegg på Roalden vinteren 2011.

Strandafjellet KF har i løpet av ettersommaren/hausten teke kontakt overfor sine leverandørar for å minske prognosert underskot. Likeeins har føretaket vore opptekne av eiga betalingsemne til leverandørar og tenesteytarar.

Til dømes er gondolleverandør blitt kontakta via norsk representant, for om muleg å halvere antal gondolar og dermed oppnå ei innsparing. Det viser seg at dette ikkje er muleg av reint tekniske grunnar.

Etter inngått kontrakt med gondol/heisprodusent forfall 50 % av kjøpesummen for gondolar, 2 880 000 kroner, 10.januar 2012. Kontakt er oppretta og tilsegn om utsetting av betalingsfrist utover januar 2012, er gitt munnleg. Det er opna for ny dialog om datofesta utsett betalingsfrist for resterande sum 2 880 000 kroner når representant frå Leitner kjem til Stranda i november 2011.

Oppgradering av heis til type Telemix og parkeringshall for stolar og gondolar har ein kostnad på 6.172.081 kroner. Summen forfall i si heilheit i 2011.

Påbygget til Paviljongen på Langdalsegga vil ha ein lågare kostnad enn 2 500 000 kroner som er nemnt i Kommunerevisjonen sin rapport. Prognose - 1 700 000.

Andre inntekter – side 8, Refusjonar/overføringer - inntekter/kap.innt. Sal av tenester gjeld marknadstiltak via Cruise Norway AS, messedeltaking, representasjon og profilieringstiltak. Dette gjeld oppfølging og vedlikehald av kontaktar. Oppført sum kr 400 000 vil etter det ein har grunn til å tru, ikkje bli oppnådd i si heilheit.

#### Økonomi i balanse.

Det blir frå Kontrollutvalet (punkt 5) bedt om ei skriftleg utgreiing om strategi for å få føretaket sin økonomi i balanse.

I budsjettarbeid for 2012 vil økonomisk balanse bli hovudtema. Strandafjellet KF har med ferdigstilling av anlegg på Roalden i år og påbygg til Paviljongen på Langdalsegga, gjennomført dei tyngre investeringane i ein hektisk periode fra hausten 2009 til desember 2011.

Det betyr ikkje at alle anlegg er totalt ferdigstilte. 2012 bør bli eit år for ferdigstilling av anlegg og uteområde. Ved paviljongane bør sikringstiltak bli gjennomførte med oppføring av rekkverk der det er naudsynt/påkrevd.

Vasstilførsel til paviljong Roalden byr på utfordringar. Behov for lagringsplass for uteområdar på Paviljong Roalden og samtidig hus for lagring av vasstank er døme på kva som bør drøftast gjennomført. Vasstank kan og gravast ned i bakken.

Dei her nemnde tiltaka er å sjå som døme og fleire tiltak av ulikt omfang vil kome til i budsjettarbeidet for 2012.

Kontrollutvalet nemner i punkt 6, prosessane som er sett i gang for å befri likviditet og driftsbalanse i drivarselskapet. No nokre månader etter dette arbeidet gjekk føre seg for å betre økonomisituasjonen i driftsselskapet, må ein i Strandafjellet KF slå fast at betaling av leige frå drivarselskapet ikkje har endra seg til det betre. Det er derimot signalisert ønske om ytterlegare reduksjon i leige for 2011.

Straksstiltak.

Strandafjellet KF gjennomfører forhandlingar om ny leigesats ut året 2011 frå overleveringsdato av nye driftsmidlar (gondol – garasje for stoler og gondolar).

Strandafjellet KF skal sjå til at restleige for 2011 blir innbetalt etter inngåtte avtalar.

Oppsummering.

Føretaket tek til etterretning at reduksjonar i inntekt skal følgjast opp med tilsvarende reduksjon for utgifter i budsjettet.

Dersom dette ikkje er muleg innanfor gitt ramme, skal avvik og behov for auka ramme takast opp som sak i kommunestyret i Stranda.

Stranda, 26.oktober 2011

## Strandafjellet kf - 2011 Drift

	Rekneskap pr. 20.09.11	Vedtatt budsjett 2011	Prognose rekneskap 2011
0 Lønn	541 031	662 680	723 000
1-4 Drift	734 106	554 000	1 105 060
5 Finans	4 565 496	8 402 660	11 478 288
Driftsutgifter	5 840 633	9 619 230	13 306 338
6 Salgsinntekter	-3 748 860	-9 619 230	-4 992 000
7-9 Overføringer	-117 888	0	-293 100
Driftsinntekter	-3 866 748	-9 619 230	-5 286 100
Netto utgifter	1 973 886	0	8 021 238
<b>Mei/r/mindreforbruk</b>			<b>8 021 238</b>

**Merknad:**

Meirforbruk i 2010 skal dekkast inn i 2011 på art 15300 med kr 2 471 687,94.  
I prognose for 2011 er inndekkinga inkludert i meirforbruket på kr 8 021 238.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.11.2011

**SAK 21/11  
BUDSJETT STRANDA KONTROLLUTVAL 2012**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapene sine budsjett blir vedteke av selskapene sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Stranda kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i i Stranda kommune. Talet på møte vil påverke budsjettet og det kan kalkulerast med 6 møte. I 2012 har Stranda kommune eit nytt kontrollutval. Dette tilseier meir utgifter til kurs og oppdatering enn i eit normalår.

Stranda kommune er inne i ein periode med vanskeleg kommuneøkonomi. Sett ut i frå ei risikovurdering, vil dette kunne medføre ekstraressursar knytt til tilsyn, kontroll og revisjon også av utført saksbehandling. I ein slik situasjon vil det lett kunne oppstå behov for forvaltningsrevisjonar eller andre undersøkingar utover det normale. I budsjettet bør det takast høgde for dette. Det kan til dømes settast av kr 100.000,- til eit slikt føremål.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

1. Møte- og leiargodtgjersle blir sett i samsvar med vedteke reglement. Det er rekna med 6 møte.
2. Kurs, reiseutgifter-og opplæringsutgifter blir stipulert til ca kr 20. 000,-.
3. Eventuell meirkostnad innan tilsyn, kontroll og revisjon, kr 100.000,-
4. Det blir i tillegg vist til Stranda kommune sin del av utgiftene knytt til kontrollutvalsekretariat og revisjon.

Harald Rogne  
dagleg leiar